

Sak 43-21 Status bygging Melsgjerdet

Tilråding til vedtak

Styret tar orienteringa til vitande.

Saksutgreiing

Det har vore høgt aktivitetsnivå i prosjektet og svært god framdrift i september og så langt i oktober. Vaskehall og omlastehall for mat og restavfall er komen langt i bygginga. Undertak er lagt på lagerhallane mat og restavfall. Vegg er oppkomen mot sør på lager og luktslusehall, og mellom lasterampe og vaskehall. Administrasjon-garderobebygg er ferdig fundamentert.


Betongveggane til hall 2. Omlaste/ lagerhall papir og glasemballasje er planlagt ferdig denne veka.

Vi har fått melding om å førebu oss på kranseskål på første bygget i månedsskiftet november / desember. Og det siste tidleg i januar. Deretter er det innvendig arbeid.

Vi kan ikkje sjå at der er tilkome tilhøve etter siste styremøte som gir ny nemnande kostnadsauke.

Samtidig utføring av arbeid på Melsgjerdet 3 og på veganlegget ved sidan av, heilt inn til kvarandre, har skapt situasjonar som til tider har vore krevjande å handtere. Det har i all hovudsak handla om risiko og risiko minimering knytt til AT sin arbeidsaktivitet rett under fjellskjeringa. Vi fekk nokre timar ekstra med opprydding etter eit kraftig regnver, der det rasa ut masse frå toppen av fjellskjeringa ned på papirhall fundamenta våre som var ferdig og klar for fundamentering. Der var ingen i arbeid på undersida akkurat då, men det understreka alvorret i situasjonen.

Vi fekk etter kvart til sikre og rimelege løysingar. Vi har leigt tung sikring i perioden medan der vert utført arbeid på nedsida av fjellskjeringa, og vi deltek med sikringsmur (sognemur) saman med utbygger kommunen. Tiltaka eliminerer fare for nedfall, sikrar framdrift, og hindrar finmasse i å renne ned mot fundamentgrøftene våre. For kommunen stabiliserar det skråningsfoten på vegen.



Petter Bjørdal
Dagleg leiar